




BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 3, 2001/2002
Februar, mars og delar av april
President Bjørn Sandnes



Redaksjonskomite: Arne Vågnes, Endre Sandnes, Leif Sønderland

Årsfest 09.02.02

Laurdag 09.02.02.møttest om lag 60 Rotarymedlemmar og partnerar til den tradisjonelle årsfesten i den romslege kantina til Brattvåg Skipsverft. Festlyden opna med aperitiff og sosial vrimling. Ein vel gjennomtenkt trekkjeproedyre gjorde at alle fekk seg hyggelege og spanande bordkavalerar.

Maten var tradisjonell: Først rekesalat og kvitvin, så reinsdyrsteik med raudvin og risengrynsgraut til dessert. Etter eit langt og hyggeleg bordsete vanka det kaffe, konfekt og dans for deltakarane. Som vanleg var det Accordion Swingers som sørgja for musikken. Det er visst få i klubben som har fleire Rotaryårsfestar enn desse musikarane!

Undervegs var det song, talar og utmerkingar. **Rolf Haugerud** vart utnemnd til Paul Harris Fellow, ei

heidersbevisning som vert gitt til klubbmedlemmar som har gjort ein spesiell samfunnsmessig innsats. Preidenten gjorde greie for Rolf sin store innsats i det lokale næringslivet og hans mangslungne virke i kommunale råd, nemnder og utval. At Rolf er ein sprek mann veit vi, og vi fekk høyre litt om nokre av bedriftene hans frå løyper og spor. Dagens Paul Harris er den åttande i klubben si historie

Klubben har arbeidd for å rekruttere fleire nye medlemmar og på laurdag vart Olav Gamlem tatt opp som medlem etter dei vanlege høgtideleg prosedyrane. Arne Vågnes (underteikna!) fekk tildelt rågjengerstatuetten etter innsatsen på Hjelle seter i haust. Utmerkinga må skuldast den uthaldande (nattlege) deltakinga med song og musikk med trakteringa av gitaren

Så var festen slutt, og kampen om drosjene byrja....

AV

12.02.02

Presidenten ønskte alle velkomne. Klubbsaker

- Åremål sidan sist:Trond Skjelten
- Helsing til klubben frå Arne Solem som er påtroppande



Rolf Haugerud tek mot utmerkinga som Paul Harris Fellow av president Bjørn Sandnes

guvernør. Han ser fram til å kome og vitje oss til hausten.

Yrkesforedrag ved Rune Rødseth

Rune fortalde først om barndomen saman med foreldre og søsken i Ålvundfjorden i Sunndal kommune. Bileta frå heimbygda viste eit vakkert, men grisgrendt landskap. Lagspelaktivitetar var sjølvsagt vanskeleg med så lite folketal, så fritidssyslane vart friidrett, skyting og fiske på fjorden.

Etter ungdomsskulen arbeidde han eit år på mekanisk verkstad saman med faren før han byrja på Folkehøgskule. Seinare vart det Ingeniørhøgskulen i Ålesund og Rune avslutta skule-gangen som ingeniør i 1981.

Etter eit par år med militæret og arbeid i Stryn og Loen kom Rune til Brattvåg Skipsverft i 1984. Han var då gift med Kari Myklebust frå bygda, og hadde fått sin første son, Torstein.

Ved Brattvåg Skipsverft arbeidde Rune som maskiningeniør fram til 1990. Etterpå har han fungert som innkjøpssjef på same stad. Etter omorganisering og endra eigarstruktur har han også fått ansvaret for Søviknes verft. I denne samanheng fortalde han om ein ny og smartare måte å handle skipsutstyr på, der internett/ny teknologi var viktig. For eit skipsverft er kostnaden til materialar og utstyr svært viktige for "botnlinja" når vi samanliknar med kostnadene til arbeidskraft.

I privatlivet har Rune bosett seg på Fjellbu i Brattvåg og fått to

tvillingjenter Ingvild og Silje i tillegg til guten.

Han har engasjert seg sterkt i motorsport og blitt ein habil utøver i fleire greiner (Go-kart, rallycross osv.) Han vart Noregsmeister i Go-kart klasse A i 1996. Motorsporten på dette nivået har sjølvsagt krevd mykje av fritida til Rune dei siste åra, men han har tydelegvis hatt mykje glede av dette.

AV

Møte 19.02.02

Presidenten opna møte.

Kveldens program var ved opplysningskomiten v/ Jostein S. Jostein hadde funne fram ei kjær bok han i mange år hadde hatt glede av "å kike i" i ledige stunder: "Vett og uvett" av nordlendingen Einar K. Aas. Forfattaren hadde nedteikna, etter hukommelsen, historier frå nord som far hans Ole Heide Aas hadde samla og fortalt i si levetid. Jostein las ei rekke fornøyelige stubbar, og det på kav nordlandsk! Historia om fallekniven er vel den mest kjente!

Ein fornøyeleg kveld!
LS

Møte 26.02.02


President Bjørn Sandnes ønskte alle saman velkomne. Møtet denne kvelden vart av forskjellige årsaker avvikla i auditoriet på Haram vidaregåande skule.

Bjørn minte oss om pensjonistfesten som skal avviklast førstkomande tirsdag kl.18.30. Samfunns- og kameratskapskomiteen har eit ansvar i denne samanhengen og vart mint om nokre av pliktene.

Kveldens hovudprogrampost:

Sindre Vik : Praktisk bruk av internett

Sindre fortalde oss kort kva som trengs i heimen (linjer, overføringskapasitet, nettlesar, osv) for å kunne nytte denne tenesta. Etterpå gjekk han kort gjennom korleis internett (verdsveven) verkar. Vi fekk høyre om korleis



Dataekspert Sindre Vik i aksjon på heimebane!

adressene er oppbygde, hypertext, osv.

Til slutt såg vi på nokre enkle praktiske bruk av internett :

- haram.kommune.no (Saksdokument, Learning village, osv.)
- Bankbetaling. Betaling av rekningsar over internett.
- Rolf Arne fortalde og viste avlesing av straummålar over internett.
- Sjølvmelding (skatteetat)

AV

05.03.02

Dette var dagen for den tradisjonelle pensjonistfesten som Rotary arrangerer kvart år. Paul Arne leia festen og ønskte alle velkomne. Underteikna stod for sang- og musikkinnslaga. Hovudposten på programmet var ei biletfamsyning ved Halvard Hatlehol frå gamle dagar i Brattvåg. Vi fekk sjå mange blinkskot med kjende og kjære andlet. Bygda har fostra mange personlegdomar og originalar! Etter famsyninga var det mat og drikke i rikelege mengder som vanleg. Tilstelninga vart avslutta med loddsal og meir song. Ein representant frå pensjonistane takka til slutt for ein hyggeleg kveld.

AV

12.03.02

Presidenten ønskte alle velkomne. Kubbsaker:

- Åremål sidan sist: Paul Arne D, Kjell A og Bjørn S.
- Møtet som er annonsert 26.03.02 (i påska) går ut i samsvar med tradisjonen i klubben.

Kveldens hovudprogrampost: **Yrkesforedrag ved Trond Skjelten:**

Trond er fødd og oppvaksen i Brattvåg. Han fortalde kort om barndom og skulegang i heimbygda. Etter ungdomsskulen reiste han til sjøs med ”Peder Huse ” frå Harøya. Sjølivet var hardt for ein ungdom, så han bestemte seg for å byrje på vidaregåande skule i Fosnavågen for å verte kokk. Fekk etterpå arbeid ved Brattvåg Hotell i 1988. Dreiv nokre år med vekslebruk: Arbeid ved Brattvåg Hotell og som kokk ombord diverse fiskebåtar.

Han gifta seg etterkvart med Tove Vestre og dei har (så langt) to born. I 1990 kjøpte dei Dibellohuset i Brattvåg som dei har restaurert og bur i no.

Trond fortalde om korleis det er å drive hotell i bygda. Hotelldrift er som vi kan tenkje oss meir ein livsstil enn ein vanleg jobb. Du må vere meir eller mindre tilgjengeleg heile døgnet! Drifta er følsom overfor konjungturane i skipsindustrien. Han har for tida ansvar for 15 tilsette og driv Bruket, ”Lofoten” ved kaia og kantina ved Rolls-Royce i Brattvåg i tillegg til den ordinære hotelldrifta. På denne måten får han ei meir rasjonell drift med betre utnytting av personalet. Han har planer om utviding i samband med senterutbygging i Strandgata. Både fleire rom, konferansefacilitetar og større kjøkken er med i desse planane.

Til slutt fortalde Trond oss om fritida og hobbyane sine. Særleg restaureringa av Dibellohuset fekk vi vite mykje om. Elles nemde han bilar og dykking som interesse-

områder. Finnøya (har fritids-eigedom der ute) og Jersey er favorittstadene han ferierer på.

Vi fekk også litt tid til ”drøs” etter at Trond hadde svara på ein del spørsmål frå ei interessert forsamling.

AV

19.03.02

Presidenten ønskte alle velkomne. Klubbsaker:

- Åremål sidan sist: Hildbjørg Austbø.
- Presidenten refererte vedtak vedrørende tildeling av kulturprisen for 2001. Prisen går til Bernt Johannes Hildrestrand. Styret tek sikte på utdeling 16.04. Presidenten gjorde også greie for grunngevinga av tildelinga.

Fritt møte . Og praten gjekk fritt....

AV

02.04.02

Presidenten opna møtet og ønskte alle velkomne.

Klubbsaker:

- Åremål sidan sist: Halvard Ulstein.
- Gjest i dag: Bernt Fylling.
- Presidenten opplyste møtelyden om det nye månadsbrevet frå guvernøren som var lagt ut. Hyggeleg i denne samanhengen er det å registrere det gode frammøtet for klubben i februar månad.
- Vi vart nok ein gong mint på distriktskonferansen som skal vere i Trondheim 31. mai til 2.juni. Det er høve for interesserte til å melde seg på.

Dagens hovudprogram: **Øyvind Haugen – Dei norske innbyggjarane i Marburg, Natal.**

Øyvind fortalde med tekst og bilete frå ei reise i Sør-Afrika der dei hadde vitja Natalprovinsen. Her hadde dei fått kjennskap til ein gamal norsk innbyggarkoloni som i stor grad ætta frå Vestlandet og særleg Ålesundområdet.



Bilete frå ei minnetavle over over nordmenn på ei gravlund

Det var kaptein Landmark på misjonsskipet Eliser som etter ein tur i Napal reklamerte for landet som godt eigna for utvandring med fruktbar jord, mykje sol og stabilt klima like ved havet. På Sunnmøre var det tronge tider på slutten av 1800-talet så interessa for utvandring var stor. Båten "Tasso" drog frå Ålesund 14. juli 1882 med 34 familiar om bord. I alt 229 personar med smått og stort kom til Umzinki 29. august same år. Kvar familie fekk tildelt 100 acres kvar av den engelske regjeringa i tillegg til felles beitemark. Dette var sjølsagt ein medviten politikk frå engelskmennene for å styrke dei kvite sin posisjon i landet i forhold

til dei innfødde. Nokre år tidlegare hadde tyske emigrantar freista å bosette seg i området, men måtte gje opp. Det er herfrå det lite norske namnet Marburg stammer.

Optimismen var stor i byrjinga, men etter kvart dukka det opp mange og store problem som Øyvind fortalde om. Størst var kanskje problemet med mangelen på naturlege hamner utanfor kysten. Alle vanskaner førte til at mange etter kvart drog heim, andre til betre område i nærleiken. Likevel: nokre vart att og etter kvart betra foholda seg slik at vi i dag har ein betydeleg folkesetnad med norsk herkomst heilt sør i Afrika. Øyvind viste mange bilete frå skular, kyrkjer og gravstader som dokumenterte denne lite kjende norske utvandringa til Sør-Afrika. Eit interessant foredrag!

AV

09.04.02

Presidenten ønskte alle velkomne. Åremål sidan sist: Bjørn Yngve Johnsen (50 år!)

Klubbsaker:

- Kulturprisen til Bernt Johannes Hildrestrand vert utdelt på neste møte. Det vert mat og underhaldning. Medlemmane vart oppfordra til å ta med seg (eventuelle) partnerarar.
- Magne L. har nett vore på PET-seminar. Referat frå seminaret ved eit seinare høve.
- Vi vart minte om dugnad på Brattvåg kyrkje tirsdag 30.04.02 kl.18.00
- Litt informasjon om utvekslingsstudentar dette året.

Dagens program: Nytt frå kommunestyret ved Bjørn Sandnes. Bjørn hadde med seg protokollane for desember, januar, februar og mars. Vi fekk orientering om saker og vedtak. Mellom anna

- Brattvåg barneskule og Tennfjord skule.
- Kulturbygg i Brattvåg og på Vatne.
- Tillaging /distribusjon av mat til eldre i Haram.

Dette er saker som har skapt debatt og engasjement i lokalmiljøet det siste halve året, men det såg ut som "lufta var gått ut av ballongen". Forsamlinga var i ro og nøydde seg med å registrere vedtaka som var gjort i dei forskjellige sakene.

16.04.02

Presidenten ønskte alle gjestar og medlemmar velkomne. Særleg var det gjevt å ha kulturprisvinnaren Bernt Johannes Hildrestrand med familie til stades.

Klubbsaker:

- Bjørn Johnsen fekk overlevert forseinka presang i høve 50 årsdagen sin.
- Rolf Rørhus fekk ordet og refererte eit initiativ frå Vatne og Tennfjord Rotaryklubb vedrørende eventuelt felles engasjement mot rus (MOT-kampanjen).
- Presidenten minte om dugnaden på Brattvåg kyrkje i nær framtid.

Dagens hovudprogram: Utdeling av Rotary sin kulturpris for 2001 til **Bernt Johannes Hildrestrand.**

Seremonien fekk ein vakker og høveleg start med musikalske

innslag av prisvinnaren saman med The Jazz Group Quartet.

formuleringa ”Det er viktig å bli gripen for å kunne begripe”. Til

slutt takka han kona som heldt ut med han gjennom alle timane og dagane han hadde vore borte, og lokale bedrifter for økomisk støtte som prosjektet var avhengig av.

Etterpå følgde mat, kaffe og drøs. Festen vart avslutta på tradisjonelt vis med loddsal og fleire musikalske innslag frå gjestane. Ein triveleg kveld for gjestar og medlemmar!



The Jazz Group Quartet med prisvinnaren Bernt Johannes på slagverk. Elles har vi Frank Winsjanen på bass, NN på saksofon og Erling Winsjansen heilt til høgre på gitar

Presidenten gjorde kort greie for bakgrunnen til prisen og tidlegare vinnarar. Etterpå refererte han frå grunngjevinga til forslagsstillaren: Prisvinnaren er hovudansvarleg for boka ”Songen vår”, ei bok pluss to CD-ar med songar med tilknytning til Haram. Hans mangslungne verksemd som muskar, dirigent, diktar og inspirator vert lagt merke til og sett pris på. Ein raud tråd kan vi sjå i all verksemda hans: Han er glad i bygda!

Bernt Johannes takka for prisen og fortalde litt om arbeidet med prosjektet. Han påpeikte at kultur er samlande og skaper fellesskap. Det viktig med lokal historie og tilhørighet. Vi la merke til



Bernt Johannes tek mot prisen frå president Bjørn Sandnes